

**Myking og Hundvin grunneigarlag**  
v/ leiar Alf G. Nordahl  
5957 Myking.  
Tlf. 56 36 42 10 / 414 49 033..  
e-post: [alguno@hotmail.com](mailto:alguno@hotmail.com)

LINDÅS KOMMUNE	
Kommune	K42
7. 05. 2008	
Akt. nr. 2007/1230	Løpnr.
Stokksh	Tilgangskode
NIR	

Til Lindås kommune  
5910 Isdalstø.


Myking, den 30. april 2008.

### **SØKNAD OM GODKJENNING AV NYTT STORVALD FOR HJORT.**

Tidlegare jaktvald for hjort: Myking og Hundvin grunneigarlag, Natås hjortevald, Natås/ Sæverås hjortevald og Smørdal/ Lid hjortevald ønskjer å slå seg saman til eit storvald frå og med jakta for 2008. Storvaldet tek namnet "Myking og Hundvin grunneigarlag", og vil ha eit teljande areal på ca. 69100 dekar.

Vi søkjer om godkjenning av storvaldet.

Med venleg helsing  
for  
Myking og Hundvin grunneigarlag/ storvald

  
Alf G. Nordahl/ leiar

Vedlegg: Referat frå årsmøtet for Myking og Hundvin grunneigarlag 30. april 2008.  
Underskrift frå grunneigarane i hjortevalda Natås, Natås/ Sæverås og Smørdal/ Lid.

Årsmøte i Myking og Hundvingrend grunneigarlag,  
halde i Dalheim, Hundvin, 31.3 08.

Det var 28 frammøtte grunneigarar og gjestar+ 6 frå styret.

Årsmøtesaker:

1. Alf Nordahl ønskte velkommen, og bad om merknader til innkallinga.  
Ingen merknader.

2. Til møteleiar vart Alf Nordahl valt.

2.2 Til referent vart Odin Kristiansen valt.

2.3 Til å skriva under på møteboka vart Rolf Seljelid og Tor Nesse valde.

3. Møteleiar spurde om det var merknader til at inviterte gjestar kan delta på Årsmøtet utan stemmerett. Det var det ingen merknader til.

4. Formannen las Årsmeldinga. Her kom eit spørsmål om styret hadde kalla inn dei nye medlemane før dei var medlemar. Formannen svara på dette, og viste til tidlegare Årsmøtevedtak, der dette var bestemt. Årsmeldinga vart godkjent.

5. Rekneskapen vart lesen opp av Kjell Bjarne Wergeland. Rekneskapen hadde vore revidert av Jarle Bjørnevoll utan merknad. Godkjent.

6. Val.

Valet vart leia av Rolf Seljelid, som var leiar i valnemnda. Med i valnemnda var Sigmund Hauge og Arne Hodnekvam.

Desse var på val: Formann Alf Nordahl: Samrøystes attvald.

Henrik Steinsund vart vald inn i staden for Odin Kristiansen, som hadde sagt frå seg attval.

Kjell Bjarne Wergeland tok attval.

Varafolk:

Egil Øvretveit, 1. vara

Thor Skauge, 2. vara

Sigmund Hauge, 3. vara.

Olav Tveito og Jarle Bjørnevoll vart valde til revisorar.

Formannen takka valnemnda, og Årsmøtet peika ut ny valnemnd:

Sigmund Hauge

Arne Hodnekvam

Anders Konglevoll, ny.

7. Andre årsmøtesaker.

7.1. Driftsplan for målretta hjorteforvaltning.

Årsmøtet godkjende "Bestandsplan for hjort for Myking og Hundvin grunneigarlag" med dei endringane som vart gjort i møtet. (Denne skal i retta form leggjast ved referatet frå Årsmøtet.)

7.2. Eit nytt punkt om medlemskap berre for forvaltning av storvilt, vart samrøystes vedteke som eit tillegg til vedtektene, paragraf 3: "Eit medlemskap kan vera berre for storviltforvaltninga. Medlemane har då berre stemmerett i dei sakene som medlemskapen gjeld."

7.3 Medlemsmøte for skiping av større jaktlag.


Laget har i fleire år arbeidd for å få til større jaktlag. For at medlemane skulle få tid til drøfting/områding vart dette utsett til året for Bestandsplan for hjort.

Vedtak: Årsmøtet ber styret skipa medlemsmøte. På møtet skal medlemane/jaktlaga komma fram til større einingar for jaktlaga. Styret er meklar og set dei endelege grensene for dei nye jaktlaga. Dei nye jaktlaga vel jaktleiar. Samrøystes vedteke.


7.4 Bruk av hund under hjortejakta.

Vedtak: Jaktlaga avgjer sjølve om dei skal ha høve til bruk av hund under hjortejakta.

7.5 Det var ingen innkomne saker.



Odin Kristiansen, skrivar



Rolv Seljelid, vald til å skriva under møteboka



Tor Nesse, vald til å skriva under møteboka

Myking og Hundvin grunneigarlag  
 v/ leiar Alf G Nordahl  
 5957 Myking.  
 Telf. 56364210 / 414 49 033.

Teikning av medlemskap med verknad berre for saker som handlar om hjorteforvaltning,  
 i Myking og Hundvin grunneigarlag for medlem av jaktfeltet (tidlegare jaktvaldet)

Gardsnr.	Bruksnr.	Eigar	Underskrift
31	2	Vidar Nordmark	Vidar Nordmark
31	1	Kari Selheim	Kari Selheim
31	3	Torgun A. Lød	Torgun A. Lød
32	2	Henny Kleven	Hanne Kleven
31	4	Ovald Fandrust	Ovald Fandrust
36	1-2-3	Torstein Seland #	For Torstein Seland eller innsatt Vidar Nordmark

Denne lista ber vi om vert levert eller telefonert til Alf G. Nordahl i god tid før 30. april d.å.  
 Alf G. Nordahl

Myking og Hundvin grunneigarlag  
v/leiar Alf G Nordahl  
5957 Myking.  
Telf. 56364210 / 414 49 033.

Teikning av medlemskap med verknad berre for saker som handlar om hjorteforvaltning,  
i Myking og Hundvin grunneigarlag for medlem av jaktfeltet (tidlegare jaktvaldet)

Gardsnr.	Bruksnr.	Eigar	Underskrift
43	1	Rune Natås	Rune Natås
43	2	Arvid Reikvam	Arvid Reikvam
43	5	TORU. NATÅS	Tore U. Natås

Denne lista ber vi om vert levert eller telefonert til Alf G. Nordahl i god tid før 30. april d.å..

Alf G. Nordahl

Myking og Hundvin grunneigarlag  
 v/ leiar Alf G Nordahl  
 5957 Myking.  
 Telf. 56364210 / 414 49 033.

Teikning av medlemskap i Myking og Hundvin grunneigarlag for medlem av jaktfeltet  
 (tidlegare jaktvaldet)

*Teikning av medlemskap med utnemnad leiar for bygdjaktfelting  
 i Myking og Hundvin grunneigarlag for medlem av jaktfelt.*

Gardsnr.	Bruksnr.	Eigar	Underskrift
42	1	Ingunn Kolås	Ingunn Kolås
42	2	Karsten Sevris	Karsten Sevris
42	3	Perit Sevris	Perit Sevris

Denne lista ber vi om vert levert eller telefonert til Alf G. Nordahl i god tid før 30. april d.å.  
 Alf G. Nordahl